
Vår referanse 2020/56897-2
Dato 08.07.2020

EIRIK BRAKVATNE MJELDE
RUNNHOVDA 43
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Dispensasjon frå byggegrense - gnr. 73 bnr. 33 - fv 569 - Nottveit - Modalen kommune

Vi viser til søknad av 16.06.2020.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 569 for å oppføre nettstasjon på gbnr. 73/33 i Modalen kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 12.06.2020.
2. Avstanden frå bygningen (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 569 skal vera minst 26 meter.
3. Bygningen må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
4. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygningen ligg nær fylkesveg 569.
5. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaka

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fv. 569 ligg i haldningsklasse 2 og har byggegrense på 50 meter frå vegmidte. Vegen vert rekna som ein viktig hovudveg og har ei fartsgrense på maksimalt 80 km/t, ÅDT er på 280. Bygget vil ligg 26 meter frå vegmidte på ei rett og oversiktleg strekke. Nettstasjonen skal erstatte eksisterande nettstasjon som ligg nærmare vegen. Den nye nettstasjonen vil ligge ein del lågare i terrenget enn fylkesvegen, og vil ikkje vere synleg frå vegen. Bygget vil ikkje komme i konflikt med siktsona i avkøyrsla.

Sjølv om nettstasjonen skal byggast ser vi det ikkje som nødvendig å krevje søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrsla sidan det er opplyst at ny nettstasjon skal erstatte eksisterande nettstasjon.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli

sendt vidare til klageinstansen. Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Susanne Stølheim Aasen
Fung. leiar

Gunnhild Sande
Rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Situasjonsplan

Kopi til:

MODALEN
KOMMUNE

Postboks 44

BKK NETT AS

Postboks 7050

STATENS
VEGVESEN

Postboks 1010
Nordre Ål